



Berhe Eyob Teklesenbet
Lyngvegen 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1675 - 20/3294

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.01.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden din - gbnr 188/110 Gjervik ytre

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 188/110
Tiltakshavar: Berhe Eyob Teklesenbet

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.12.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding. Dette skuldast overgang til Alver kommune.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld følgjande forhold:

- Søknaden stettar ikkje krav til tiltak utan ansvar. Når du fjernar trapp/tilgang mellom underetasje og hovudetasje i bustaden vert kvar etasje som rekna som eiga brukseining. Etablering av ny brukseining er eit søknadspliktig tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak.
- Etablering av ny brukseining vil utløysa nye krav til søknaden. Det vil mellom anna verta sett krav til utvida avkøyringsløyve frå offentleg veg, uteopphaldsareal, parkeringsplassar og tekniske krav til byggverk slik dei går fram av TEK17.

Dersom du vel å behalda trappa kan kommunen behandla søknaden når vi har mottatt oppdatert situasjonsplan som viser trapp mellom etasjane. Dersom du ønskjer å fjerna trappa må eit ansvarleg føretak senda inn ny oppdatert søknad om løyve til tiltak. Du bør då trekka denne søknaden slik at du får eit redusert sakbehandlingsgebyr.

Då eigedomen ligg innanfor bandleggingssone for framtidig E39 i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen vil kommunen senda søknaden på høyring til Statens vegvesen før vi behandlar han.

Kommunen ber om at oppdatert planteikning, eller tilbakemelding om du vil trekka søknaden, vert sendt inn innan **14.02.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut Willie Jacobsen

Mottakarar:

Berhe Eyob Teklesenbet

Lyngvegen 6 5914

ISDALSTØ